

Til: Tilsette ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, og studentråda ved dei tre studiestadane
Frå: Asle Holthe, dekan
Dato: 18.08.2017

Organisering av Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Bakgrunn

Dekanane ved dei tre avdelingane i Sogndal, Bergen og på Stord sette våren 2017 i gong ein prosess for å sikre størst mogleg medverknad frå dei tilsette ved dei tre studiestadane om korleis organisere det nye fakultetet. Det vart derfor arrangert ei samling på Solstrand 23.-24., der fire modellar vart skisserte. Arbeidet resulterte i ei høyring i juni med tre forslag som ei rekke høyringsinstansar fekk kome med tilbakemeldingar på. Den eine modellen var disiplinorientert, den andre var profesjonsorientert og den tredje var ein hybridmodell.

Tilbakemeldingane frå høyringsinstansane viste at det store fleirtalet av høyringsinstansane ønskjer ein disiplinmodell. Profesjonsmodellen fekk støtte frå eit mindretal, medan ingen hadde hybridmodellen som førsteprioritet.

Med utgangspunkt i arbeidet frå Solstrand og høyringsinnspela, har dei tre dekanane, med støtte frå Anne Marthe Hanstveit frå OU-prosjektet og Håvard Ulstein frå administrasjonen på AL/Bergen, utarbeidd eit forslag til organisering av det nye fakultetet.

Dette forslaget er grunnlaget for høyringsmøte på dei tre studiestadane for tilsette, tillitsvalde og studentråda:

- Sogndal 23. august kl. 12.15 og 14.00. (Begge møta i auditorium «Storen») Møta er for alle. Både tillitsvalde og studentråd har fått tilbod om eigne møter
- Stord 24. august kl. 10.00–12.00: Møte for seksjonsleiarar, programleiarar og studieleiarar. 12.45–15.00: Møte for alle tilsette i ALK. Tillitsvalde og studentråd har fått tilbod om eige møte, tidspunkt blir bestemt seinare. Rom for møta blir informert om i eigen e-post.
- Bergen 28. august: 08.30–10.00 i Møllendalsveien og 13.30–15.00 på Kronstad.
29. august: 08.30–10.00 og 10.15–11.45 på Kronstad og 12.30–14.00 i Møllendalsveien. Desse møta er for alle. I tillegg er studentrådet invitert til høyringsmøte 28. august 15.00–16.00 på Kronstad og dei tillitsvalde 29. august 14.15–15.15 i Møllendalsveien. Kvar møta skal haldast vil det bli orientert om seinare.

Instituttstruktur

Forslaget til instituttstruktur baserer seg på disiplinmodellen i høyringsdokumentet og det blir etablert til saman 4 institutt. Namn på institutta blir føreslått etter høyringsmøta i dei tre nærregionane.

Det kom ei rekke gode innspel til disiplinmodellen. Mange ønskjer færre institutt enn dei sju som var skisserte, fleire kom med alternative forslag om fagsamansetting, programleiarnivået bør greiast ut

meir, det same gjeld koplinga til forskning. For mange som ønskjer ein disiplinmodell handlar det om å få solide fag- og forskingsmiljø på tvers av studiestadane som igjen fører til betre vilkår for gode profesjonsutdanningar. Mange føreslo å slå saman dei pedagogikkfaglege miljøa i eitt institutt, fleire kom med andre forslag til kva fagmiljø som skal utgjere institutta enn det som var skissert i høyringsforslaget. Det vart vist til både gode erfaringar og tankar om kva fagmiljø som kan gjere kvarandre gode. I den føreslåtte instituttinndelinga ligg der nokre perspektiv om at ingen institutt skal vere monofaglege, dvs. at ulike fag er ein styrke for eit institutt. Det er tatt høgde for at ulike utdanningar har tydelege fagmiljø i dei enkelte institutta, også dei samansette utdanningane som t.d. barnehagelærerutdanninga, der fagmiljø knytt til dei enkelte kunnskapsområda er i same institutt.

Fagmiljøa som konstituerer dei fire institutta vil vere:

Institutt 1 (105 tilsette + leiang)				Institutt 2 (183 tilsette + leiang)			
Idrett/kroppsøving Mat og helse Naturfag Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet				Pedagogikk GLU Pedagogikk BLU PPU Y/A IKT i læring Samfunnsfag KRLE			
Leiargruppe: Instituttleiar + 3 assisterande instituttleiarar				Leiargruppe: Instituttleiar + 5 assisterande instituttleiarar			
Tilsette	Sogndal	Stord	Bergen	Tilsette	Sogndal	Stord	Bergen
Fast stilling	25	9	40	Fast stilling*	31	37	67
Stipendiatar	7	0	5	Stipendiatar	4	2	10
Professor II	2	0	3	Professor II	1	3	2
Vikar/engasj.	5	1	8	Førsteam. II	2	0	0
Totalt: 105	39	10	56	Vikar/engasj.	3	3	18
				Totalt: 183	41	45	97
Institutt 3 (135 tilsette + leiang)				Institutt 4 (69 tilsette + leiang)			
Norsk Engelsk Matematikk Teiknspråk				Kunst og handverk Musikk Drama			
Leiargruppe: Instituttleiar + 4 assisterande instituttleiarar				Leiargruppe: Instituttleiar + 2 assisterande instituttleiarar			
Tilsette	Sogndal	Stord	Bergen	Tilsette	Sogndal	Stord	Bergen
Fast stilling	16	8	65	Fast stilling*	4	14	34
Stipendiatar	4	4	8	Stipendiatar	0	3	3
Post.doc.	0	0	2	Professor II	0	0	1
Professor II	1	1	1	Vikar/engasj.	0	3	7
Vikar/engasj.	6	5	15	Totalt: 69	4	20	45
Totalt: 135	27	17	91				

*I institutt 2 og 4 er det også rekna inn tre professorar frå sentra CASE og SEKKK. Om desse vil bli inkludert i institutta blir først klart når det er tatt stilling til om fakultetet skal ha senter.

Merknad: I tillegg til dei 402 faste tilsette/stipendiatar/post.doc. er det til saman 17 professor II/førsteamanuensis II og 1 vitskapleg assistent og 73 vikarar/engasjement fordelt på dei fire

institutta. Tilsette i åremålsstillingar som instituttleiarar og liknande er ikkje inkludert i talet på dei fast tilsette. Det er heller ikkje tilsette i avdelingsadministrasjonane.

Institutt 1

I institutt 1 inngår fagmiljøa idrett, kroppsøving, mat og helse, naturfag og Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet. Fagmiljøa har kopling til friluftsliv og helse. Ved å legge det nasjonale senteret til instituttet vil ein kunne oppnå sterke faglege synergjar og styrke det nasjonale oppdraget til senteret. Instituttet vil ha naturlege fagområde/forskningsområde inn mot ph.d.-programmet Danning og didaktiske praksisar.

Instituttet dekker ei rekke utdanningar. Av utdanningsprogram kan ein nemne:

Bachelorprogram

- Faglærer i kroppsøving og idrettsfag
- Friluftsliv
- Idrett og kroppsøving
- Idrett, fysisk aktivitet og helse
- Folkehelsearbeid
- Barnehagelærerutdanning/Kunnskapsområdet natur, helse og rørsle(NHR)
- 4-årig grunnskulelærerutdanning (1-7 og 5-10)/Kroppsøving, mat og helse og naturfag

Masterprogram

- Idrettsvitenskap
- Fysisk aktivitet og kosthald i eit skulemiljø
- 5-årig grunnskulelærerutdanning (1-7 og 5-10)/Kroppsøving, mat og helse og naturfag
- Barnehagekunnskap
- Læring og undervisning

Institutt 1 (105 tilsette + leiing)			
Idrett/kroppsøving Mat og helse Naturfag Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet			
Leiargruppe: Instituttleiar + 3 assisterande instituttleiarar			
Tilsette	Sogndal	Stord	Bergen
Fast stilling	25	9	40
Stipendiatar	7	0	5
Professor II	2	0	3
Vikar/engasj.	5	1	8
Totalt: 105	39	10	56

Institutt 2

I institutt 2 er dei pedagogiske fagmiljøa i GLU, BLU, PPU og IKT i læring sett saman med samfunnsfag og KRLE. Fagmiljøa vil alle kunne legge hevd på å ha kompetanse i ein del sentrale tematikkar som går igjen i utdanning og forskning, slik som danningperspektiv, fleirkulturalitet, barnehage og skule som organisasjon, utdanningsleiing, demokratiforståing, osv. Instituttet vil ha naturlege fagområde/forskningsområde inn mot ph.d.-programmet Danning og didaktiske praksisar.

Instituttet dekker ei rekke utdanningar. Av utdanningsprogram kan ein nemne:

Praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag og allmennfag

Bachelorprogram

- Barnehagelærer/Pedagogikk – alle kunnskapsområde. Samfunnsfag og KRLE – kunnskapsområdet samfunn, religion, livssyn og etikk (SRLE)
- 4-årig grunnskulelærerutdanning (1-7 og 5-10)/Pedagogikk og elevkunnskap, KRLE og samfunnsfag

Masterprogram

- Utdanningsleiing i Organisasjon og leiing
- Barnehagekunnskap
- Samfunnsfagdidaktikk
- Læring og undervisning
- Spesialpedagogikk
- Undervisningsvitskap
- IKT i læring
- 5-årig grunnskulelærerutdanning (1-7 og 5-10)/Pedagogikk og elevkunnskap, profesjonsretta pedagogikk, spesialpedagogikk, samfunnsfag og KRLE

Institutt 2 (183 tilsette + leiing)			
Pedagogikk GLU Pedagogikk BLU PPU Y/A IKT i læring Samfunnsfag KRLE			
Leiargruppe: Instituttleiariar + 5 assisterande instituttleiariar			
Tilsette	Sogndal	Stord	Bergen
Fast stilling*	31	37	67
Stipendiatar	4	2	10
Professor II	1	3	2
Førsteam. II	2	0	0
Vikar/engasj.	3	3	18
Totalt: 183	41	45	97

*I institutt 2 er det også rekna inn ein professor frå senteret CASE.

Institutt 3

I institutt 3 er språk- og litteraturfaga norsk og engelsk, koplå med språkfaget teiknspråk og med matematikk. Fleire har kome med innspel om at det er viktig å legge språk- og litteraturfaga i eitt institutt. Samtidig så vil særleg norsk og matematikk ha ein del til felles ved å vere fag som alle studentar skal ha i t.d. grunnskulelærerutdanning 1-7. Ved å samle desse fagmiljøa kan ein lettare kunne samordne løysingar på utfordringar knytt til det å ha store kull. Instituttet vil ha naturlege fagområde/forskningsområde inn mot ph.d.-programmet Danning og didaktiske praksisar.

Instituttet dekker ei rekke utdanningar. Av utdanningsprogram kan ein nemne:

Bachelorprogram

- Barnehagelærer/Kunnskapsområdet språk, tekst og matematikk (STM)
- 4-årig grunnskulelærerutdanning (1-7 og 5-10)/Norsk, matematikk og engelsk
- Teiknspråk og tolking

Masterprogram

- Barnehagekunnskap
- 5-årig grunnskulelærerutdanning (1-7 og 5-10)/Norsk, matematikk og engelsk
- Kreative fag og læreprosessar
- Barne- og ungdomslitteratur
- Undervisningsvitskap
- Læring og undervisning

Institutt 3 (136 tilsette + leiing)			
Norsk Engelsk Matematikk Teiknspråk			
Leiargruppe: Instituttleiår + 4 assisterande instituttleiårar			
Tilsette	Sogndal	Stord	Bergen
Fast stilling	16	8	65
Stipendiatar	4	4	8
Post.doc.	0	0	2
Professor II	1	1	1
Vikar/engasj.	6	5	15
Totalt: 135	27	17	91

Institutt 4

I institutt 4 er sett saman av det som ofte blir omtala som estetiske fag eller kunstfag, litt avhengig av perspektiv. Instituttet vil ha naturlege fagområde/forskningsområde inn mot ph.d.-programmet Danning og didaktiske praksisar.

Instituttet dekker ei rekke utdanningar. Av utdanningsprogram kan ein nemne:

Bachelorprogram

- Community music

- Drama og anvendt teater
- Faglærer i musikk
- Barnehagelærerutdanning/Kunnskapsområdet kunst, kultur og kreativitet (KKK)
- 4-årig grunnskulelærerutdanning (1-7 og 5-10)/Musikk og kunst og handverk

Masterprogram

- Kreative fag og læreprosessar
- Musikkpedagogikk
- Drama og anvendt teater
- 5-årig grunnskulelærerutdanning/Musikk og kunst og handverk

Institutt 4 (69 tilsette + leiing)			
Kunst og handverk Musikk Drama			
Leiargruppe: Instituttleiar + 2 assisterande instituttleiarar			
Tilsette	Sogndal	Stord	Bergen
Fast stilling*	4	14	34
Stipendiatar	0	3	3
Professor II	0	0	1
Vikar/engasj.	0	3	7
Totalt: 69	4	20	45

*I institutt 4 er det også rekna inn to professorar frå sentra CASE og SEKKK.

Leiing av fakultetet

Det er tilsett dekan for fakultetet frå 1. august 2017. I tillegg blir det etablert 3 stillingar som prodekan:

- Prodekan for utdanningskvalitet
- Prodekan for forskning
- Prodekan for strategiske satsingar (eventuelt samhandling og/eller internasjonalisering)

Prodekan for utdanningskvalitet vil ha ansvar for utdanningskvalitet og utvikling av utdanningstilboda i fakultetet, inkludert internasjonalisering knytt til utdanningane, og skal gi støtte til dei samla institutta. Studieprogramansvarlege og studieadministrasjonen på fakultetet er med i eininga som blir leia av prodekan for utdanningskvalitet.

Det blir etablert studieprogramansvarlege under prodekan for utdanningskvalitet for følgjande utdanningar:

- 1 stilling for barnehagelærerutdanning og tilhøyrande masterutdanningar.

1 stilling for grunnskulelærerutdanningane og tilhøyrande masterutdanningar til dei fireårige grunnskulelærerutdanningane.

¼ stilling for bachelor i teiknspråk og tolking.

½ stilling for praktisk-pedagogisk utdanning (A og Y)

1 stilling for bachelorutdanning i folkehelsearbeid med vekt på kosthald og fysisk aktivitet, faglærerutdanning i kroppsøving og idrettsfag, bachelorutdanning i friluftsliv, bachelorutdanning i idrett og kroppsøving, bachelorutdanning i idrett, fysisk aktivitet og helse, og tilhøyrande masterutdanningar.

¼ stilling for faglærerutdanning i musikk, bachelorutdanning i community music, bachelor i drama og anvendt teater og tilhøyrande masterutdanningar.

Dei studieprogramansvarlege har ansvar for at studieprogramma held høg fagleg kvalitet, har god gjennomstrøyming og er relevante for arbeids- og yrkesliv. Studieprogramansvarlege er ikkje tillagt personalansvar for å sikre kapasitet til fagleg leiing av programma.

Prodekan for forskning vil ha ansvar for forskingskvalitet, inkludert internasjonalisering, forskingsrelevans, ekstern forskingsfinansiering, og skal gi støtte til dei samla institutta. Fagleg leiar av ph.d.-programmet og leiarar av forskingsstrategiske satsingar/forskningsprogram/forskningsssenter og forskingsadministrasjonen på fakultetet er med i eininga som blir leia av prodekanen for forskning. Det blir etablert 3-5 stillingar som leiarar av forskingsstrategiske satsingar/forskningsprogram/forskningsssenter. Dette vil normalt vere halve stillingar. Arbeidet med identifisering av desse områda vil starte opp i september/oktober 2017. Innanfor dei strategiske satsingane/forskningsprogram/forskningsssenter vil det kunne vere forskargrupper innanfor og på tvers av institutta. Leiarane for dei strategiske satsingane/forskningsprogram/forskningsssenter har ansvar for kvalitet, resultat og vidareutvikling av det forskingsområdet ein er leiar for. Fagleg leiar av ph.d.-programmet har ansvar for kvalitet, gjennomstrøyming og vidareutvikling av programmet. Stillinga som leiar av ph.d.-programmet er ei halv stilling.

Det er framleis uavklart om sentra som eksisterer på dei tre studiestadane skal halde fram som før. Det einaste som er avklart er at Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet skal inn som ein del av fakultetet og er føreslått å bli lagt saman med idrett/kroppsøving, mat og helse og naturfag i institutt 1.


Prodekan for strategiske satsingar vil i første åremålsperiode ha eit særleg ansvar for etter- og vidareutdanningsreforma (desentralisert ordning for kompetanseutvikling), overordna ansvar for internasjonalisering, digitale satsingar på fakultetet, og skal gi støtte til dei samla institutta. Korleis bygge opp EVU-strukturen blir eit sentralt spørsmål framover. Samarbeidet med nærregionane skal styrkast, jf. fusjonsplattforma. Det blir derfor oppretta ei heil stilling som programansvarleg for etter- og vidareutdanning. Administrativt personale knytt til internasjonalisering og etter- og vidareutdanning inngår i eininga som blir leia av prodekanen for strategiske satsingar.

Ein av prodekanane vil vere stadfortredar for dekanen.

Leiar for økonomi og personal har ansvar for økonomi- og personalforvaltninga i fakultetet, inkludert kompetanseutvikling, og skal gi leiarstøtte innanfor sitt felt. Det administrative personalet på fakultetet knytt til økonomi og personal går inn i eininga som blir leia av leiar for økonomi og personal.

Instituttleiing. Kvart institutt blir leia av ein instituttleiar. I tillegg vil assisterande instituttleiarar vere ein del av leiargruppa på instituttet. Det skal sikrast at instituttet har leiarar i kvar nærregion. Eit potensielt unntak er institutt 4 som ikkje skal ha assisterande instituttleiarar i Sogndal. Leiinga på instituttet bør, om mogleg, samla ha fagkompetanse innanfor fagområda og aktuelle utdanningsprogram på instituttet. Talet på assisterande instituttleiarar skal tilpassast storleiken på instituttet. Instituttleiinga har personalansvar for dei tilsette på instituttet og skal bidra til at instituttet leverer utdanning og forskning av høg kvalitet. Instituttleiar har økonomiansvar. I tillegg vil tilsette på instituttet ha sentrale leiings- og koordineringsfunksjonar som til dømes emneansvar, profesjonsrettleiarar, trinnkoordinator, kontaktperson for internasjonalisering og forskargruppeleiar. Instituttleiinga har ansvar for å følgje opp studentar som er knytt til emne/program instituttet gir.

Ein av dei assisterande instituttleiarane vil vere stadfortredar for instituttleiar. Assisterande instituttleiarar skal ha funksjonsansvar inn mot utdanning og forskning. Det blir sett ned ei arbeidsgruppe som ser på dette. Arbeidet startar opp i september.



Campusutvikling

Samanslåinga av dei tre tidlegare avdelingane i fire institutt kan gi ein synergieffekt som slår positivt ut. Fagmiljø som i utgangspunktet er små, vil vere ein del av ei større eining. Fakultetet sitt ansvar for campusutvikling handlar i første rekke om fagleg utvikling gjennom eit breitt studietilbod, inklusiv masterfag, FoU-aktive miljø, leing og god oppfølging av tilsette og studentar på alle studiestadane. Campusutvikling knytt til fellestenester er leiarane på nivå 1 (dei 3 prorektorane og dei 2 direktørane) sitt ansvar.

Fakultetsadministrasjon

I modellen er administrativt personale lagt til fakultetsnivået med støttefunksjonar mot institutta. Ei endeleg avklaring på korleis administrasjonen på fakultetet vil bli organisert blir fastsett gjennom prosjektet administrativ organisering (P3 i OU-programmet). Det vil då også bli gjort klart om administrasjon skal vere ein del av institutta.

Råd og utval

Høgskulestyret skal på eit seinare tidspunkt vurdere om det skal etablerast fakultetsråd/styre og/eller instituttråd/styre. Dette blir derfor ikkje omtalt i denne saka.

For studieprogramma blir det etablert programråd som skal gi studieprogramansvarleg råd i kvalitetsutviklinga av studieprogramma. Råda skal ha representasjon frå institutta som leverer til programma, studentane og eksterne.

For forskingsstrategiske satsingar/forskningsprogram/forskningsssenter blir det etablert råd som skal gi leiars råd i kvalitetsutviklinga av satsingane/forskningsprogram/forskningsssenter. Råda skal ha representasjon frå institutta som bidrar i satsingane/forskningsprogram/forskningsssenter, frå prorektor for forskning sin stab og eksterne medlemmar.

Det er fastsett at ph.d.-programmet skal ha eit eige programutval. Prodekan for forskning vil normalt vere leiars av programutvalet. Det er ønskjeleg at alle forskingsstrategiske satsingar/forskningsprogram/forskningsssenter er representerte i programutvalet.

Evaluering

Eit naturleg utgangspunkt for arbeidet med ny struktur på fakultetet er at det bør skje ei evaluering etter ei viss tid for å sikre at erfaringar knytt til korleis strukturen fungerer blir tatt høgde for. Ei slik evaluering må skje i lys av høgskulens nye strategi.

Fakultetsstruktur i lys av føringar frå høgskulestyret

Våren 2017 vedtok styret ved HVL dei overordna føringane for organisering av fakulteta. Det handla om at institutta (nivå 3) skal vere store og campusovergripande, ha kapasitet til masterprogram, at studenten skal vere i sentrum i ei forskingsbasert utdanning og at institutta skal ha studentnære administrative funksjonar.

Forslaget til fakultetsstruktur har tatt styrets føringar på alvor. Institutta er store, campusovergripande og har masterprogram i sine porteføljer. Dei fire institutta har sterke faglege koplingar inn mot ph.d.-programmet Danning og didaktiske praksisar, byggjer godt opp under dei strategiske forskningsprogramma og responderer dermed godt på universitetsambisjonen til høgskulen. Det er ingen monofaglege institutt. Det er lagt opp til ei styrking av overordna programansvar i det nye fakultetet, med programansvarlege utan personalansvar. Institutta har eit tydeleg ansvar for studentane og saman med ein utvalsstruktur vil profesjonsinnrettinga bli godt tatt vare på. Det er framleis for tidleg å seie noko om korleis det administrative støtteapparatet vil bli sjåande ut før OU-prosjektet (P3) har kome med sine innstillingar.

Proessen fram mot forslaget om fire institutt i ein disiplinorientert organisering har vore demokratisk og gitt mange høve til å kome med innspel. Gjennom ei samling over to dagar der ulike forslag vart presenterte, kom første forslag ut på høyring til over femti høyringsinstansar. Nesten alle har kome med forslag til forbetring, støtte og innvendingar, og det store fleirtalet ønskjer ein instituttstruktur ut frå ein disiplinfagleg modell. Den demokratiske prosessen har vore viktig å lytte til i arbeidet med organiseringa på fakultetet. Hovudalternativet til ein disiplinbasert modell er ein profesjonsbasert modell. Desse to ulike tilnærmingane er kjenneteikna av å ha ulike styrker og svakheiter, og i begge tilfelle vil ein måtte kompensere for å kunne oppnå ein god fakultets- og instituttstruktur som sørgjer for at primær oppgåvene utdanning og forskning får dei beste rammevilkåra. Ved å lande på disiplinmodell er det tatt grep som styrker profesjonsinnrettinga gjennom programansvarlege utan personalansvar og ein rådsstruktur som ansvarleggjer både utdannings- og forskingsleiinga på fakultetsnivået og det enkelte institutt.

Kunnskapsgrunnlag og erfaring frå eigne og andre lærarutdanningsinstitusjonar gir eit ganske lite eintydig bilde av kva som er den beste måten å organisere lærarutdanningar på og kva som gir flest tilfredse studentar og tilsette. NIFU-rapporten *Evaluering av understrukturen ved Høgskolen i Bergen* (Rapport 2015: 31) gir ei samanlikning med m.a. Høgskolen i Oslo/Akershus, der dei kjem med ganske likelydande tilrådingar som blir gitt i dette forslaget.

Tal på leiarar. I arbeidet med fakultetsstrukturen har det vore ønskeleg å ikkje overskride talet på leiarar i dei tre avdelingane. Samla var det på ALI i Sogndal, ALK på Stord og AL i Bergen 32,8 leiarar (inkludert seksjonsleiarar). I den nye organiseringa er talet gått noko ned, til 30,25.